

Hjelper Odda med å reparera flaumskadane

29.03.2015



Også velvaksne steinblokkar frå Børnes i Uskedalen inngår i reparasjonen av det raserte elvefaret etterat Opo gjennom Odda gjekk amok i fjor haust. Det er gravemaskinane som framleis dominerer og det er ein stor innsats som er gjort for at elva skal vera skikkeleg sikra før vårflaumen, Det er nærmast utruleg at det skal verta anretta så store skader på så stutt tid langs eit så stutt elveløp. Opo er faktisk ikkje lenger enn 2,33 kilometer når ein ikkje tek med tillaupselvar.



Middelvassføringa ved utlaupet i fjorden er 42 kubikkmeter i sekundet, men den auka til utrullege 778 kubikkmeter under flaumen, som skylta bort mellom 6000 og 8000 kubikkmeter medan dramatikken utfalda seg. 5 hus vart rasert og 75 som bur langs elvelaupet evakuert. Dette er utan tvil den mest dramatiske flommen på våre kantar på mange år og det var eit under at det ikkje gjekk menneskeliv. Eit under var det også at det ikkje var nemneverdig flaum hos oss i Uskedalen heller medan det sto på i Odda,

Bileta våre fortel om dei omfattande plastringsarbeid som er igang no.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

